

# DET·NORSKE·TEATRET



Overtrekks-sokken
SLIP-ON!

Dette er en ekstra lett sokk som kan brettes og puttes i vesken. Den er ideel i utrykt vær. Slip-On selges i praktiske plast-poser, og De får den i fargene sort, grønt og rødt.

Prisen er ca. kr. 17,50.



VIKING

A/s ASKIM GUMMIVAREFABRIK

C15g012025

# *Frakt under havet*

(From under the Sea)

*Skodespel av ARTHUR MILLER*

Regi: Knut Thomsen

Dekor.: Arne Walentin

**8 siders Husmorhefte**
**Roman — Novelle**
**«Mønster og stoff i ett**
**Strikkeoppskrifter etc.**
**Hver uke i**

**kvinner**
OG KLÆR



## Norsk Allkunnebok

Noregs mest allsidige leksikon, bør De eiga. 10 store band. Spør etter det i næraste bokhandel, eller skriv beinveges til

**FONNA FORLAG - OSLO**

## Kafeen etter teater:

THEATERCAFÉEN

Bordbestilling 41 70 60

Velkommen til

## *Fornebu Flyrestaurant*

*Fin utsikt over flyplassen - Lett adkomst med Snarøybussen*

**Vennligst ring telefon 53 65 60**

***Har Deres ur stoppet?***

*Vi reparerer billig, fogmessig, på kort tid.*
*Nye ur i godt utvalg. Avbetaling.*

**URMAKER S. ERIKSEN & Co. A.s**

**DRONNINGENSGATE 23 — TELEFON 41 52 17**



*ARTHUR MILLER*

# NOREGS BOKLAG

*Bokhandel — Papirhandel*

*Bøndernes Hus*

**Rosenkrantzgt. 8, Oslo — Telefon 33 13 74**

# MØBLER

*Vi makter ikke*

gjennom våre vinduer å få vist Dem «vårt ansikt» slik vi gjerne vil. Men bak en beskjeden fasade i Møllergt. 43 vis à vis den engelske kirke, finner De i 1. og 2. etasje et av byens største lokaler i bransjen, med egne avdelinger for soveroms- og spiseroms-møbler.

Vi følger ikke noen ensporet «linje» i vårt vareutvalg, men søker å skaffe våre kunder tidsmessige kvalitetsmøbler for den enkeltes smak og behov.

Velkommen til omvisning og en hyggelig prat om møbler og møbleringsproblemer. Vi hjelper Dem også av med Deres gamle møbler, hvis det er noe De skal fornye.

Våre betalingsbetingelser er de vanlige. Og så til slutt en påminnelse om at fredagene er det møbelkveld, da har vi åpent til kl. 19.

**J. ERIKSEN A/s** MØLLERGT. 43 TELF. 42 66 00

# *CAPPELEN PIANETTE*

***Et lite piano med en hittil ukjent tonefylde***

**J. W. CAPPELEN PIANOLAGER**

Kirkegt. 15, Oslo — Telefon 42 26 87

# Ein dag med forfattaren

Eg kom til å tenkje på ein olympisk stavhoppar med Lincoln-andlet og indianske danseføter. (Då Marilyn vart spurd om kvifor ho gifte seg med Arthur Miller, skal ho ha svara: Har de ikkje sett han?) Berre dei store hornbrillene sa noko om bøker, dei sterke augo noko om kva det var for slag bøker.

Vi tok farvel med dei to ungane og Mary (det var før Marilyn si tid) og køyrde over Brooklyn-brua til Manhattan. Han var nett komen heim frå Haiti, brun som ein tømmerhoggar.

— Det er godt at vi har slike samfunn enno. Det hjelper på trua. Teater, arbeid og gudsteneste er ein og same tingen — for alle. Eg er heldig. Eg er ein av dei overlevande. Ein haitiar i Brooklyn.

Heisen tok oss høgt opp til det vesle arbeidsromet. Han hadde fått seg eit fyrtårnsauga midt i storbyen. Gjennom det breie glaset kunne vi sjå glyttar av havet i skyskraparskogen, og djupt under oss vart dei travle gatene til langsame elvar.

— Kvar maur i sin bil. I blind rute frå tuva til arbeidsplassen, frå tuva til leikeplassen. Stanar dei eit bel, blir dei fortulla, hjelpelause. Det er dit vi har komi. Vi råka på maskinen og måtte gløyme oss sjølve for å hjelpe han gjennom vekseåra. Til vederlag skulle han laga eit hus for oss der vi kunne få betre tid og rom til å vera menneske. No er huset bygd, vi treng snautt arbeide åtte timar om dagen for føda. Men det ser ut til at vi har mist evna til å bu. Vi har vori så lenge i den forma som maskinstellet kravde, at når ho ikkje treng oss meir og vi går ut or forma, er vi som forkrøpla bronsefigurar som ikkje veit kva det vil seia å vera mjuk og levande. Vi hugsar ikkje det vi måtte ta ferie frå: dei mange evne-spirene, gleda over å skapa, samkjensla, hjartelivet. Folk driv bort frå kunsten, heiter det. Dei treng han ikkje, skjønar han ikkje. Difor er det mest gagnleg for samfunnet at kunstnaren gjev opp og tek til med slaktarbutikk. Sjølv meiner eg at kunstnaren aldri har hatt

*Framhald side 15*

# Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*






LIVS- OG PENSJONSTRYGDING, OSLO



# OLA THOMASSEN

**Konfeksjonsfabrikk**

Rådhusgt. 30 - Telefon 41 48 74

*ARBEIDSKLÆR og SPORTSKLÆR*

A/S Restaurant Cecil
Stortingsgt. 8.
ET SENTRALT OG HYGGELIG MØTESTED



*Knut Thomassen*



*Arne Walentin*

Utleie av moderne selskapsgarderobe for herrer
Kjole og Hvitt
STORTORGET 2, Hjørnet av karl Johan — Telefon 33 52 52

Det Norske Teatret kjenner De.
Lær og nynorsk presse å kjenna.

**NORSK TIDEND**

kjem ein gong for veka og kostar 18 kroner året.
Ting det over postgirokonto 14425, postb. 519 - Oslo.



*Øyvind Øyen*



*Siri Rom*

Capri blomster

Vi lager Deres borddekorasjoner, brudebuketter, blomsterhilsener til alle anledninger og binder vakre kranser.

*Stortingsgt. 10 - Tlf. 41 34 33*

*Når det regner går vi til*

Olje- og Regntøy
Gummifottøy -
Jakttøy

CARL WERNER

Rosenkrantzgt. 8. Telefon 331435

Etablert 1875



*Lasse Kolstad*



*Edvard Drabløs*



*Finn Kvalem*



*Rut Tellefsen*

Det store utvalg
i den lille butikk, like her ved
Det Norske Teatret

Babette Parfymeri A/S
Stortingsgt. 18 — Tlf. 41 62 55

# Frakt un

*(From u*

*Skodespel av*
*Til norsk av*
*Regi: K n u*
*Dekorasjon: A*

*D e i   s o m   e r   m e d :*

Eddie . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Beatrice, kona hans . . . . . . . . . . . . . . .
Catherine, systerdotter hennar . . . . . . . .
Marco . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Rodolpho, bror til Marco . . . . . . . . . . .
Mr. Alfieri . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Tony . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Louis . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Mike . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
1. immigrasjonsoffiser . . . . . . . . . . . . .
2. immigrasjonsoffiser . . . . . . . . . . . . .
Grannar og immigrantar.

Ing

Etter framsyninga er det vanl

**Hovedrollen**
**blant ildfaste skap** . . . . .
**Pris fra kr. 415,00**

# ...ler havet

*(...ler the Sea)*

*...rthur Miller*
*...o Ørjasæter*
*...Thomassen*
*...me Walentin*

| | |
|---|---|
| .............................. | *Øyvind Øyen* |
| .............................. | *Siri Rom* |
| .............................. | *Rut Tellefsen* |
| .............................. | *Lasse Kolstad* |
| .............................. | *Finn Kvalem* |
| .............................. | *Edvard Drabløs* |
| .............................. | *Harald Nesje* |
| .............................. | *Asbjørn Toms* |
| .............................. | *Alf Malland* |
| .............................. | *Kåre Wicklund* |
| ...l.............................. | *Carl Habel* |

...pause.

...serving i restauranten til kl. 23

. . . . . . . . . . .
JÖLI
JØRGEN S. LIEN
OSLO — BERGEN — TRONDHEIM

*En gave*

— av edelt metall blir alltid husket.

**ROBERT NEERBYE**

GULLSMED

Bygdøy Alle 33 — Telefon 55 03 81

**GUDIM**

UTSTYR FOR MENN

Telefon 42 48 35 OSLO Rosenkrantzgt. 21

*Mine fagfolk hjelper Dem med å finne den riktige brille. Besøk min forretning*

*Sigvart*

**OFFENBERG**

**BOGSTADVEIEN 30 — TLF. 60 31 73**

**MUSIK-KONSERVATORIET**

NORD. BRUNS GT. 8 — OSLO — TLF. 42 01 37

**Utdannelse på alle stadier i sang, spill, tale og teori.**
**Innskrivning til vårhalvår 8. og 9. januar kl. 12—14 og 17—19. — Forlang plan.**
**Direktør Trygve Lindemann.**

*Framhald frå side 7*

ei større og meir spanande oppgåve enn i dag då det gjeld å berge ei heil verd frå å turke inn. Aldri har Ibsens ord vori meir sanne: Minoriteten har rett! — medan resten av verda strir for betre vaskemaskinar, som ikkje kan berge ei einaste underutvikla sjel frå å leva og døy i fattigdom. Om eg trur det finst råd å vende straumen? Trudde eg ikkje det, ville eg aldri hatt krefter til å skrive ei line.

Tunge, grøne gardiner vart dregne for glaset. Romet vart til ei ljostett hole som kunne ha vori kvar som helst. Ei lita lampe med raud skjerm, sigarettrøyk og to digre martini. Og røysta. Han hadde vori radiosongar, den gongen han trong pengar til å gå på universitetet.

— Eg skriv om notida. Men det er berre for å gjera tilspranget meir solid. Det eg vil, er å skrive meg inn i framtida, freiste sjå tida før ho er her, hjelpe til med å laga det som skal koma. Alt eg har skrivi til no er berre fyrste akta i skodespelet om ei leveleg verd. Eg trudde Willie Loman skulle ha fått ein glytt inn i den nye verda. Men han døydde frå meg. Dei døyr alle før eg får berga dei. Når eg sym ut, tek dei tak i meg og dreg meg under.

Vi skulle i teater om kvelden og køyrde ut i ljosregnet på Broadway. I eit av husa spela dei «Smeltedigelen» som Miller til privat bruk hadde døypt om til «Mistydinga».

— Der inne jublar folk, eller fræser — alt etter kva slag meining dei har om McCarthy og tenarane hans. På same viset som dei slost om Willie Loman, om han var uamerikansk eller ikkje. Dei ser ikkje at «Smeltedigelen» i fyrste rekkje er eit stykke om menneske som trur, medan Loman er produktet av eit samfunn som ikkje har anna føde å by på enn mistru og kvasigudar. Kritikarane er ikkje dei som mistyder minst. Eg veit ingen som er stoltare søner av frosne hjarterøter enn kritikarane. I staden for å nytte alt dei eig til å leva med i det dei ser og høyrer, sit dei utanfor med øksa, budde på å hogge ned alle som måtte freiste koma med roser. Det ser ut som om kritikarane har ei einaste heilag oppgåve: å tvinge alle teater til å stengje.

Men vi skulle ikkje på Broadway. Vi drog ned til eit

*Framhald side 17*

*Vask og stryking*

for bedrifter og private. — Henter og bringer.

**A. TÅRNEBYS EFTF.** SOFIESGT. 12. TLF. 46 05 35




*Paraplyer Regntøy*

**HENRIK BØHM** I AKERSGATEN

SKIPA 1921

OSLO NYE SPAREBANK

**OSLO NYE SPAREBANK**

Rosenkrantz gate 9

EASY A/S

*Den mest moderne delikatesseforretning*

*med byens største utvalg*

STORTINGSGT. 8 (vis á vis Studenterlunden)

*Framhald frå side 15*

lite teater i Greenwich Village. Ein bar hadde vorti stengd av politiet av di eigaren dreiv horehus. Og ei gruppe ungdomar hadde leigd baren og nytta han til teater og utstellingsplass for målarar. Kaféborda stod der enno. Gjestene kom og fekk mat og øl og såg på at «Kong Oidipus» vart spela midt på golvet. Etter framsyninga tala Miller til publikum om «Amerika — ei von og ein fare».

— Vi er eit ungt og flytande folk. Vi har få band som hindrar oss i å slå inn på nye vegar. Men vi har og ungdoms trass, trongen til å tvihalde på det vi har. Vi er det mest liberale og det mest konservative folket i verda. Og vi har ein farleg gud som vi snart må sjå å få på museum: Det Praktiske Arbeidet. Vi gjekk rett frå nybrotet til fabrikkbenken. Vi veit enno ikkje kva det vil seia å tenkje seg om.

Seinare sat vi ute i det store kafékjøkenet der skodespelarane laga kveldsmat. Nokre av dei vaska opp i baren. Andre gjekk og la seg i sminkeroma, som og var soverom. Dei skulle tidleg på prøve dagen etter.

*Framhald side 19*

Logerestauranten

anbefales

*Middags- og aftenkonsert*

*Moderniser Deres kjøkken*

*Utstyret finner De hos*

**COWARD & THOWSEN A.s**

Kirkegt. 30

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

**GJENSIDIGE**

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

*Spesialforretning i radio*

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne en radio som passer.

*GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 12 måneder.*

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/s**

**ARBEIDERRADIO**

*Youngs gate 13, Oslo - Telefon 42 07 37 **



**RAGNAR BRYDE**

*Bok- og aksidenstrykkeri*

★

Kr. Augustsgt. 19 - Telf. 33 44 33

***Skal De ha slipt gulvene?***

*Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

**Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26**

***Førsteklasses arbeide garanteres.***

Olav Pedersen
Åsengt. 36

PARKETTSLIPERI
Telefon 37 72 71

*Blomster*
*til alle anledninger. Vi behandler hver bestil ing med spesiell interesse.*

FREÉSIA
BLOMSTERFORRETNING
Sinsenterrassen 6 — Telefon 37 11 13

— Det er her det blir til, det amerikanske teatret. På dei små teatra og collegescenane. Her får dei unge høve til å spela, og forfattarane får ført fram det dei skriv. Broadway er berre eit dyrt utstyrsauga mot verda. Eg har alltid undra meg på kvifor Noreg har Ibsen og mest ikkje nokon annan. Har de ikkje skulescenar? Kan hende det er grunnen. Det trengst mykje ungskog for å drive fram nokre få kongebjørker. Utan collegeteater ville eg nok likevel ha vorti forfattar. Men det ville ha teki mykje lengre tid.

Miller las nokre replikkar mellom tekoppane. Det var ein scene frå eit skodespel han arbeidde med. Han let teksta liggje att då vi gjekk. Dei unge skulle øve inn scenen og syne han fram ein kveld. Han hadde hug til å sjå korleis scenen tok seg ut, før han skreiv meir.

Ein neger som hadde spela Kreon, fylgde oss ut på den regnblanke gata og fekk skyss til skofabrikken. Han var av dei som ikkje skulle vera med i den neste framsyninga, skulle ut og tene nattpengar så han og det vesle teatret kunne leva.

*Bjørn Endreson.*

**BERGSTIEN VASK OG STRYKERI**
Bergstien 16
*Mottar all slags vask og strykning*
*HURTIG LEVERING*
Telefon 69 26 38

**R. Lilleengen Hoel A.s**
*MANUFAKTURFORRETNING*
Enga 15, Oslo. Telefon 41 52 27

*Snekkermester*

**NILS NYGAARD**

*Møbel- og innredningssnekkeri.*

MARKVN. 30 — OSLO — TLF. 37 79 03

*Pengene blir drøyere*

ved å benytte oss som fast forsyningssted for Kolonial — Kjøtt — Fisk, samt skotøy. Avlegg oss et besøk eller bruk våre ordretelefoner.

Faste kjøreruter i Oslo og omland.

**ØSTBANERNES FORBRUKSFORENING**

Oslo - Drammen - Skien - Kongsvinger - Lillestrøm - Grorud

*Solide og pene*

garanterer vi at våre møbler er. De er laget med omhu og følsomhet.

*Møbler, kurver, garn, hjemmestrikkede gensere og jakker, etc.*

**BLINDES UTSALG** Bergsliensgt. 13 - Telefon 69 33 94

*Midt på Karl Johan*

**BØNDERNES BANK A/S**

Egertorget, Oslo

REISEVALUTA ekspederes raskt og greitt, SIKKERHETSBOKSER utleies for oppbevaring av verdisaker.

# Om «Frakt under havet»

skriv forfattaren Arthur Miller mellom anna: «Det inneheld ei mengd element som moten i dag gjev oss lov til å studere inn i dei minste detaljar. Der er eit blomskam-motiv, homoseksualitet og — det kjem eg sikkert til å oppdaga — mange andre nevrotiske spor i det, forutan juridiske problem. Det *kunne* vorti eit utviklingsdrama, med langsam framdrift, der impulsar frå fortida ein etter ein vart nækte til vi kjenner hovudpersonen (Eddie) og tilhøvet hans til foreldre, onklar, bestemor, og til den hendinga som ein i slutten av andre akt er klår over har drivi han uavvendeleg ut i katastrofen.

Men like ofte som eg har vorti driven bakover mot Eddies fortid, djupare inn i dei kreftene som har gjort han til det han etter alt å døme er, like ofte har ein mot-impuls drivi meg attende. Det som fyrst slo meg ved denne historia då eg høyrde henne den kvelden like ved der eg budde, var måten ho utvikla seg på, så gripande endefram. Til slutt stod det klårt for meg at i dette nakne, denne harde reine lina, så å seia i nakne skjelettet, låg den visdom og sjarm historia hadde, og som eg ikkje måtte plukke ved.

Det var og noko anna som heldt meg frå å brodere på stykket. Då eg fyrste gongen høyrde historia, syntest eg at eg hadde høyrt henne før, for svært lenge sidan. Då det hadde gått ei tid, meinte eg det måtte vera minninga om ein gresk myte som levde ein stad i undermedvitet. Eg har ikkje vori i stand til å finne ein slik myte, men eg er likevel overtydd om at han eksisterer, og av den grunn har eg ikkje ynskt å røre ved det myte-liknande i hendingsgangen. Eg har ofte tenkt at det verkar som om dei to immigrantane frå Italia, i Eddies hus, drog heimanfrå for to tusen år sidan. Det er noko så jarnhardt einfelt over personane, og den sjølvrådige egosentriske framdrifta i dei, at når lagnadene deira blir vovne inn i kvarandre, synest det mesta vera verket til ei lagnadsgudinne. Eg har prøvd så langt tanken rekk, å finne ei forklåring på dei subjektive og objektive element som forma denne lagnaden, men eg må vedgå at til og med no er det for meg som om eit under står att,

*Framhald side 22*

*Kaffe!*

De vil bli fornøyd med våre spesialblandinger i kaffe, såvel til hverdags som selskapsbruk. Rikt utvalg i te og hermetiske frukter.

**Centrum Kaffeforretning**

*Akersgt. 41 — Tleefon 33 37 58*

ei slags ventande von som eg trur skriv seg frå ei kjensle av å ha støytt på ei heilag forteljing.

Forma i stykket viser frå fyrste augneblink at berre det som er viktig, vil bli fortalt — at denne historia er den einaste delen av livet til Eddie Carbone som er verd vår interesse, og at det difor ikkje vil bli gjort freistnader på å dra inn hendingar i livet hans som ligg utanfor desse mest spanings- og lagnadsfylte timane. Forma er som ho er for di ho skal gjeva att mi eiga kjensle framfor denne soga — nemleg undring. Med dette stykket har eg ikkje fyrst og fremst ynskt å kalle fram tårer eller lått hos publikum, men å vekkje til liv ei serskild kjensle av undring over korleis — og kvifor — eit menneske vil setja livet sitt i fare — setja det på spel — og miste det.»

*Arthur Miller.*

**Alle gode ting er 3!**

1. NYLON VASK Vaskekrem på tuber. *Utrolig god til all slags vask.*
2. ALKO FINISH tabletter i koke- eller skyllevannet gjør tøyet *hvitere enn hvitt!*
3. ALKO permanent stivelse. *Stivelse som ikke går i vasken!*

ALKEMIKOS - OSLO **Gode ting alle 3!**

*Fornuftig vedlikehald er lønsamt,*
*og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg. Eg har*
*fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.*

Målarmeister
A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55.

*Norges Kjøtt-*
*og Fleskesentral*

Schweigaardsgate 2 (Kjøtthallen)
Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

*Norske Meieriers*
*Salgssentral*

Bredgt. 10 Sentralbord 68 18 86

**FINN HANSEN**
*Glassmesteri - Glass-sliperi*
*Speilfabrikk.*

Fredensborgv. 4 og 6 - *33 37 90

**JOHANSEN & NIELSEN**
**BOKTRYKKERI**

Pilestredet 45 b, Oslo
Sentralbord 60 17 95

**Hotell Bondeheimen**
Rosenkrantzgt. 8

**Kaffistovene**
Rosenkrantzgt. 8 — Torget 8
Kr. Augustgt. 14 — Storgt. 28

OSLO




*r alltid noe pent i*

Magasin du Nord A/S

Johansen & Nielsen, Oslo